



# Omvikdalens Bygdekvinnelag

## Årsmelding 2012 – 2013



## Årsmøte 2012

I tillegg til vanlege årsmøte saker vart forslag om eigen heimeside drøfta. Ein vart samd om å arbeide for å få ei slik side.



## Styret 2012 – 2013

Leiar: Helga Fossheim  
Nestleiar: Marian Thunold  
Kasserar: Else Margrethe Helleland  
Skrivar: Grethe Brundtland  
Styremedlem: Marie Eik Nygård

1.vara.: Kirsten Skaala  
2.vara.: Målfrid Lønning  
3.vara.: Astrid Bjørnebøle Hass

## Valnemnd

Leiar: Tone Bakka  
Medlem: Birgit Hjelmeland  
Vara.: Else Marie Huse

## Turnemnd

Leiar: Mette Guddal  
Medlem: Tove Apeland  
Vara.: Ingvill Gåsemøy Sæberg

## Revisorar

Målfrid Lønning  
Astrid Bjørnebøle Hass

## Styret sitt arbeid

Det har vore halde 8 styremøte og 2 arbeidsmøte. Styret har lagt vekt på å

- oppretthalde og auke aktivitetane i laget,
- gjere laget betre kjent,
- rekruttere nye medlemer,
- samarbeide med andre organisasjonar
- bruke pressa meir

## **Medlemsmøte**

Om lag annakvart møte har vore ope møte med eit tema. Dei andre møtene har vore medlemsmøte.

19.11.12      Ope møte. Inspirasjonskveld. Mette Friheim viste korleis lage blomsterdekorasjoner.

05.12.12      Julemøte. Opplesing frå Bonderoser. Mat: gløgg, dravle, rundstk., mjølkekekaker.



09.01.13      Medlemsmøte. Informasjon om planar for vårsemesteret.

13.02.13      Ope møte. Bokprat med Anita Larsen og Marit Hass frå Kvinnherad bibliotek.



13.03.13      Medlemsmøte. Vitja nystarta verksemd, Elins Matgleder, i Uskedalen.

10.04.13      160 kvinner var invitert. På møtet var 108 kvinner samla. Presentasjon av laget.

Spørreleik. Servering av rotsuppe.


## **Stemmerettsjubileet**

I samarbeid med helselaga på Løfallstrand, Rosendal og Seimsfoss vart det halde tre arrangement knytt til stemmerettsjubileet.

16.04.13      Filmen Gulabi Gang vist på Husnes kino. Etter filmen var det samtale i biblioteket. 64 såg filmen og 13 deltok i samtalen.

29.04.13      Diskusjonskveld i Uskedalen. Innleiingsforedrag ved Grethe Brundtland

11.06.13      Stor jubileumsmarkering i Rosendal Samfunnshus.



#### Tur

8.-9-juni

I år gjekk turen til Akademiet i Rauland. Her var det flotte utstillingar av ulike studiearbeid i tre, sølv, tekstil og strikk.

#### Kurs

Vår-13

Bakekurs på 20 timer. Lærar Birgit Hjelmeland  
Kurs i tradisjonsmat vart avlyst grunna sjukdom.

Haust-13

Sykurs 20 timer. Lærar Marian Thunold



#### Strikkecaf 

30.01.13

Sigrunn Antonsen selde garn og oppskrifter.  
Strikkecaf  samlar mange, b  de medlemer og ikkje-medlemer.

#### H  r- og fotpleie

Det har vore gitt h  r- og fotpleie seks gonger dette arbeids  ret. Her har ein kunna f   h  rklipp og stell av f  tene samt servering av kaffi og vaflar. F   har nytta seg av tilbodet, 2 – 4 personar pr. gong. Ein b  r difor dr  fte om tilbodet skal halde fram.

#### Jul i Rosendal

Ved handverksmessa 30.nov.-1.des. hadde laget kaf   med sal av betasuppe m/flatbr  d om fredagen og sal av risgraut m/spekemat og saft om laurdagen. Salet gjekk s   godt at ein gjekk tom for graut og m  tte spe p   med meir betasuppe.

Medlemer var og med å strikka grøne vottar til juletreet som var laga i samband med messa.



### **Matlaging og servering**

Ved fleire arrangement har laget stått for matlaging og servering.

- |            |  |
|------------|--|
| 5.okt.     | Kunstprosjekt Omvikdalens skule<br>Betasuppe   |
| 5.nov.     | Vandreutstilling Folgefond Produsentlag Tine<br>Rjomegraut m/spekemat, mjølkekekaker og kaffi                                    |
| 29.nov.    | Fagmøte Tine<br>Smurde rundstykke, kaffi og te   |
| 19.jan.    | Hjorteseminar i kommunen<br>Betasuppe, kaffi og kake   |
| 13.mars    | Årsmøte Tine<br>Betasuppe og karamellpudding   |
| 9.april    | Fagmøte Tine<br>Smurde rundstykke, kaffi og te   |
| 10.juni    | Avslutningsfest for 10.kl. ved Rosendal Ungdomsskule<br>Sommarskinke m/potetsalat, kaffi, brus og kaker                          |
| 10.-11.aug | Fjellstreif<br>Rjomegraut m/spekemat laurdag, betasuppe m/flatbrød sundag, mjølkekekaker begge dagar.                            |
| 15.aug.    | Landbruksministeren vitja Kvinnherad<br>Servering i Raulø, sundepølse m/kålrotstuing, mjølkekekaker m/kirsebærsyltetøy og kaffi. |
| 30.aug.    | Nistovetunet, arrangement v/Sunnhordland museum<br>Servering av lappar m/nylaga plommesyltetøy, kaffi og te.                     |

### **Bokprosjekt**

Laget har ei handskrivne bok frå 1937 – 1940, kalla Bonderoser, der medlemer har skrive tankar om forhold i tida. Det er både dikt og prosa. Styret har vedtatt å gi ut boka illustrert og med stive permar i samband med laget sitt 85-års jubileum i år. Boka vil vere ferdig den 5.november.

### **Vedlikehald av Kvinnherad kyrkje**

Helga Fossheim og Else Margrethe Helleland er laget sine representantar i arbeidsgruppa for innsamling av midlar til vedlikehald av kyrkja.

Laget arrangerte basar til inntekt for kyrkja den 28.sept. Ein fekk inn kr. 61400,-.

### **Veglys i Omvikdalens**

Lene Monsen er laget sin representant i arbeidsgruppa for veglys i Omvikdalen.

### **Uttale om døgnplass i institusjon**

Då kommunestyret vedtok å leggje ned Varaldsøy sjukeheim ga laget ein uttale saman med Helselaget i Rosendal.

### **Søknad om tilskot**

#### Sparebankstiftinga

Søkt om tilskot til      Bokprosjekt – ikkje imøtekome

## Stemmerettsjubileumet – ikkje imøtekome

### Kvinnherad kommune

Søkt om tilskot til	Bokprosjekt	fått kr. 10 000
	Stemmerettsjubileumet	fått kr. 10 000
	Inspirasjonsseminar-	fått kr. 4 650

### Hordaland fylkeskommune

Søkt om tilskot til	Bokprosjekt – søknad vert handsama i oktober
---------------------	--

### **Stønad frå laget**

Laget har ytt stønad til følgjande

Lauvsprett 4H	kr. 1000 gav v/årsfest, Else Margrethe Helleland representerte OBK
Lauvsprett 4H	kr. 3000 tilskot til leir
Utvekslingsstudent i USU, 4H	kr. 2000
Inspirasjonsseminar	kr. 2000 pr. deltakar, samla kr. 6000

### **Omtale i pressa**

Laget har fått god dekning av pressa dette året. I vedlegg til Kvinnheringen, «Det gode liv i Kvinnherad» blei laget presentert i tekst og bilet.

Både Grenda og Kvinnheringen ga førehandsomtale av stemmerettsarrangementet den 11.juni og flotte reportasjar etter arrangementet. Begge avisene ga og fine reportasjar etter kvinnefesten den 10.april. Grenda har også skrive om bokprosjektet, om medlem nr.50 i laget og om basaren.

I tillegg til presentasjon i avisene har vi også fått omtale på nettsidene uskedalen.no og husnesnett.no, noko vi har satt pris på.



### **Matfestival i Bergen**

Else Margrethe Helleland, Marian Thunold og Grethe Brundtland sto på Hordaland Bygdekvinnelag sin stand under festivalen og informerte om bygdekvinnelaga.

### **Regionsamlinger**

27.10.12	Regionsamling på Moster, 6 representantar frå laget deltok
02.02.13	Regionsamling i Salhus, 6 representantar frå laget deltok

### **Årsmøte i Hordaland Bygdekvinnelag**

Helga Fossheim, Grethe Brundtland deltok som representantar for laget. Vigdis Uglehus Bøyum deltok som observatør. Else Margrethe Helleland deltok som 1.varamedlem til fylkesstyret.

Årsmøte 2014 skal haldast i Rosendal med Omvikdalens Bygdekvinnelag og Tysnes Bondekvinnelag som vertskap.

Dimmelsvik, den 01.10.2013

Grethe Brundtland  
skrivar